

RETNINGSLINER FOR BORGARLEG VIGSEL I HERØY KOMMUNE

Retningslinene er fastsette på bakgrunn av kommunestyrevedtak sak 131/17 og sak 32/18:

Frå 1. januar 2018 overtok kommunane ansvaret for borgarleg vigsel i Noreg. Desse retningslinene viser korleis Herøy kommune gjennomfører vigsel.

I Herøy kommune har følgjande vigselssmynde:

- Ordførar
- Varaordførar
- Rådmann Olaus-Jon Kopperstad
- Kommunalsjef Jarl Martin Møller

1. Kven kan vigslast i Herøy kommune?

Herøy kommune tilbyr vigsel for innbyggjarar, besøkande og personar som ikkje er busette i Noreg, men som fyller vilkåra for å inngå ekteskap i Noreg, jf. Ekteskapslova § 12a. Det er nok at ein av brudefolket er busett i kommunen for at Herøy kommune er pliktig til å tilby vigsel.

Det er dei ålmenne reglane om folkeregistrert bustadadresse som styrer kven som vert rekna som innbyggjar i kommunen. Kommunen sitt tilbod om borgarleg vigsel gjeld også for tilreisande og utanlandske statsborgarar.

2. Førebuingar til vigsel

I Herøy kommune kan ein vigsel tidlegast avtalast frå det tidspunktet det ligg føre ein gyldig prøvingsattest. Brudefolket må kunne legge fram gyldig prøvingsattest på tidspunktet for sjølve vigslinga.

Prøvingsattesten er det folkeregistermyndet som skriv ut, og er gyldig i fire månadar frå utskrivninga. Prøvingsattesten vert gjeve på bakgrunn av ei rekke dokument, som m.a. ligg på [Skatteetaten si heimeside](#).

Herøy kommune har ei sakshandsamingstid på 1 veke frå ein melder ynskje om vigsel til vigsel kan finne stad.

3. Tid og stad for vigsel

Herøy kommune tilbyr ordførar sitt kontor eller kommunestyresalen i Herøy rådhus som lokale for gjennomføring av vigsel. Lokala har plass til brudefolk og gjestar, og at vigslinga skjer under verdige rammer.

Herøy kommune er fleksibel på når og kvar ein vigsel kan finne stad. For å vere fleksibel må brudefolket kome med sine ynskjer når dei bestiller vigsel.

Dersom det er ynskjeleg at vigselen skal skje i eit anna lokale eller stad enn på rådhuset, må brudefolket sjølv dekkje kostnadene med leige m.m.

4. Gjennomføring av vigsel

Ein vigsel skal ha seremoniell karakter. Det borgarlege vigsselformularet vert nytta ved gjennomføringa av borgarleg vigsel. Seremonien kan tilpassast det enkelte brudeparet, t.d. med musikk og tekstlesing. Dette må organiserast og dekkjast av brudefolket.

Om ein av brudefolket er framandspråkleg, må det på førehand avtalast kva for språk som skal nyttast under seremonien. Vigsel kan skje på norsk eller engelsk.

Om det er behov for tolk, må dette organiserast og dekkjast av brudeparet. Det er eit krav at det vert nytta offentlig godkjend tolk. Dette må organiserast og dekkjast av brudefolket.

Før vigsel vert gjennomført må vigslar ha motteke prøvingsattesten frå brudeparet eller Folkeregisteret.

Brudefolket skal legitimere seg. Gyldig legitimasjon må innehalde namn, bilete og fødselsdato. Det må vere to myndige vitne tilstade under seremonien.

Vigslar kan, dersom ho/han finn at det er grunn til tvil om eit vilkår er oppfylt, utsette vigselen. Brudefolket vert pålagt å prove at vilkåra er oppfylte. Utover dette har ikkje vigslar noko grunnlag for å nekte å gjennomføre ein vigsel.

5. Melding om vigsel og registrering

I prøvingsattesten frå folkeregistermyndet inngår også melding om vigsel og vigselsbok (skjema Q-0309).

Melding om vigsel og vigselsbok skal fyllast ut av vigslar. Spørsmåla skal svarast på så langt dei passar. Brudeparet og vitna skal skrive under vigselsmeldinga.

Innan tre dagar skal Herøy kommune sende ein stadfesta kopi av dette til folkeregistermyndet.

Saman med vigselmeldinga skal vigslar legge ved dokumentasjon for sitt vigselssmynde. Ordførar og varaordførar skal leggje fram dokumentasjon på vervet, medan kommunalt tilsett må dokumentere med vedtak på vigselssmynde.

Brudeparet får ein stadfesta kopi av skjemaet. Dette er gyldig som mellombels vigselssattest. Folkeregistermyndet skriv ut endeleg vigselssattest.

Rådmannen er ansvarleg for å føre vigselssbok med oversikt over ekteskap som er ingått av Herøy kommune. Det originale skjemaet «Prøvingsattest/melding om vigsel/vigselssbok» (skjema Q-0309) utgjør vigselssboka.

6. Økonomi

Vigsel i Herøy kommune er gratis, på kvardagar mellom kl. 08:00 og 16:00, dersom ein av brudefolket har bustadadresse i kommunen

Gebyr ved vigsling laurdag, sundag og heilagdag: kr. 1 500,-
Gebyr ved vigsling av tilreisande: kr. 1 000,-

Om brudefolket har spesielle ynskjer, som fører til kostnader for kommunen, må brudeparet sjølv dekkje desse. Ei eventuell betaling skal avtalast på førehand.

7. Ynskjer du å verte vigsla i Herøy kommune?

Brudepar som ynskjer å verte vigsla i Herøy kommune, fyller ut og sender inn elektronisk skjema. Elektronisk skjema ligg på kommunen si heimeside.

I skjemaet må ein informere om namn på brudeparet, e-postadresse, telefonnummer, ynskje om lokalisering, dato og tid. Kopi av prøvingsattest må leggest ved. Han/ho som skal gjennomføre vigselen tek stilling til om dette kan gjerast slik som brudeparet ynskjer.

Tak kontakt med Herøy kommune minst 1 veke før de ynskjer å gjennomføre vigslinga.

Servicetorget svarar på spørsmål om vigsel og har kontakten med brudeparet for å førebu vigselen.

Aktuelle lenkjer:

- [Skatteetaten – Ekteskap i Norge](#)
- [Ekteskapsloven](#)
- [Forskrift om kommunale vigsler](#)
- [Forskrift om registrering og melding av vigsel](#)
- [Vedtak om borgerlig vigselsformular](#)
- [Rundskriv om kommunale vigsler](#)